



Kulturdepartementet
Postboks 8030 DEP
0030 OSLO

Kulturdepartementet

19 DES 2012

2012/790-22

Høyringsbrev - Framlegg til endring i forskrift om grasrotandel

Vi viser til høyringsbrev av 14.09.2012 frå Kulturdepartementet med framlegg til endring i forskrift om grasrotandel.

Lotteri- og stiftelsestilsynet støttar behovet for endringar. Vi ser det som nødvendig å gjere grep for å forebyggje og sanksjonere misbruk. Endringane som departementet gjer framlegg om vil slik vi ser det medverke til å oppfylle intensjonane med ordninga.

Det er gjort framlegg om at Lotteri- og stiftelsestilsynet vert tilsynsorgan for ordninga. Vi er positive til dette, og ser at ansvarsområdet vi er tiltenkt ligg nært opp til andre av våre område. Oppretting av tilsynsfunksjon er ei nødvendig og tenleg styrking av myndigheitene si oppfølging av ordninga.

Framlegget medfører auka arbeidsmengde for Lotteri- og stiftelsestilsynet og Lotterinemnda. Det er lagt til grunn at den auka arbeidsmengda kan gjennomførast innanfor eksisterande budsjettammer. Vi har per i dag ikkje grunnlag for å berekne ressursbruken, så det er på det grunnlaget greitt å leggje til grunn denne føresetnaden. Seinare får temaet ev. bli ein del av styringsdialogen.

Til paragrafane har vi følgjande innspel:

Nokre av innspela våre er formulerte som spørsmål. Det er gjort slik for å påpeike at dette er spørsmål vi og brukarane kan stille når ordninga skal praktiserast. I den grad ein kan luke bort flest moglege av slike potensielle spørsmål så er det ein fordel.

Generelt: Vi ber om at det vert nytta «Lotteri- og stiftelsestilsynet» og ikkje «Lotteritilsynet».

Til § 1 Formål

Grasrotmidlar er eit lavterskeltilbod for lokale lag og foreningar. Det er viktig at ny formålsparagraf og presisering av omgrepet «allmenntilleg» ikkje fører til at lag og organisasjonar som er tenkt å vere omfatta av ordninga kan hamne utanfor.

Vi er ikkje sikre på om omgrepet «allmenne samfunnsinteresser» er klart nok. Det er ønskeleg å unngå diskusjon i høve til tolking kvar gong omgrepet skal praktiserast i vedtak.

«Formålet med grasrotandelen er å fremme frivillig, allmenntilleg virksomhet på lokalt eller regionalt nivå». Denne formuleringa kan medføre at enkelte regionale og sentrale ledd forstår det som at dei er innanfor målgruppa. Høyringsbrevet s. 3 seier likevel at det ikkje er meint at praktisering av reglane skal endrast i høve til tidlegare.



Vår dato
14.12.2012

Vår referanse
12/04135-2/008

Til omgrepet «være tilgjengelig»: Dersom ein organisasjon er open for alle, også utanfor området, skal vi då rekne den som tilgjengeleg(?). Eller skal vi tenkje tilgjengeleg i sitt eige område(?).

Til § 3 Kriteria for deltaking

Vi er noko usikre på om forskrifta er tydeleg nok på dette punktet slik at Lotteri- og stiftelsestilsynet har grunnlag for å avgjere om ein organisasjon kan vere med. Til omgrepet «*demokratisk organisert*»: Betyr det at det er tilstrekkeleg å vere organisert med ei valt styre(?), uavhengig av kven som har valt/utpeika styret, herunder også sjølvsupplering, eller inneber dette eit krav om at organisasjonen må vere demokratisk organisert, t.d. ved medlemmar. Dersom det siste er tilfelle vil det mellom anna få den konsekvens at stiftelsar, uavhengig av sitt formål, ikkje kan motta grasrotandel. Stiftelsar er sjøveigande og kan etter lova ikkje bli styrt av medlemmar eller eksterne eigarar. I dag er det registrert 427 stiftelsar i Frivillighetsregisteret. For mange av desse stiftelsane er truleg inntektene frå grasrotandelen viktige for å oppretthalde drifta.

For smålotteri er det krav om at formålet skal vere ein ideell og frivillig organisasjon. Det er mogeleg desse ordlydane bør vere i samsvar.

Det er stilt krav om at verksemda til mottakarane av grasrotmidlar hovudsakleg skal være basert på frivillig innsats. Dette kan ekskludere lag og organisasjonar som vanlegvis vert oppfatta som frivillige organisasjonar, men som i stor grad baserer verksemda si på lønte tilsette. Vi gjer merksam på at ei rekkje stiftingar kan vere i denne kategorien.

Punkt e er ikkje eit eige punkt, berre forlenging av setninga i punkt d. Dei etterføljande punkta må ev. endrast tilsvarende.

Vi kan ikkje sjå at § 3 omtaler at ei eining som vert utestengt bør kunne påleggjast karantene, jf. høyringsbrevet s. 4. Dette kjem etter det vi ser i § 10.

Bokstav k) kan i visse tilfelle vere eit strengt krav. Det er ulike årsaker til at organisasjonar misser retten til å motta grasrotmidlar. I praksis vil personar som har hatt verv eller leiande posisjon i ei slik eining vere utelukka for nye verv i organisasjonar som kan motta grasrotmidlar i lang tid. Det er generelt vanskeleg å få personer til å påta seg verv.

I tillegg vil det vere vanskeleg for forvaltar å ha oversikt over personar som har hatt verv i einingar som har mista retten til å motta midlar dei siste ti åra.

Til § 5 Bruk av grasrotandel

Vi er ikkje sikre på om det kjem klart nok fram kva ein kan nytte grasrotmidlane til. At dei skal gå til å «styrke lokal virksomhet», og ikkje til «berikelse for en lukket krets» kan framstå som noko uklart. Vi ser at § 10 likevel seier noko meir om i kva tilfelle ein ikkje lenger kvalifiserer for å vere grasrotmottakar.

Til § 9 Rapportering til Lotteritilsynet

«Enheter som får mer enn 1G i grasrotandel årlig og ikke har en plikt til å rapportere regnskapstall til et sentralledd, må levere et skjema med oversikt over bruk av grasrotandel til Lotteritilsynet».



Vår dato
14.12.2012

Vår referanse
12/04135-2/008

Dette krev at det ligg føre informasjon om tilknytningar mellom einingar, og om eininga i tilfelle det ligg føre ei tilknytning til sentralledd også har rapporteringsplikt på regnskapstall til sentralleddet sitt. Få einingar registrerer relasjonar i Frivillighetsregisteret, og dei interne rutineane vil i alle tilfelle variere frå sentralledd til sentralledd.

Som følgje av dette kan vi som kontrollmyndigheit få ei praktisk utfordring med å fange opp dei som får meir enn 1G, og som ikkje har plikt til å rapportere til eit sentralledd.

Kravet vil medføre ressursbruk til utfylling av skjema hos einingar som får meir enn 1G, eventuelt til å dokumentere at dei er tilknytt eit sentralledd med plikt til rapportering av rekneskapstal.

Kravet vil også medføre ressursbruk hos sentralledd til å dokumentere at det ligg føre interne rapporteringsrutinar for rekneskapstal i høve til tilsynsmyndigheit. Det vil vere eit praktisk spørsmål her om sentralledd skal ha ei rapporteringsplikt til tilsynsmyndigheit dersom ein oppdagar avvik.

Kravet vil til slutt medføre ressursbruk hos tilsynsmyndighet til gjennomgang av innleverte skjema frå einingar som får meir enn 1G, og til oppfølging og sanksjonar mot einingar som ikkje oppfyller kravet til rapportering.

Lotteri- og stiftelsestilsynet tilrår eit alternativ her som er kontrollprosedyrar basert på risiko- og vesentlegheit. Då kan tilsynsmyndigheit kan sende ut skjema og pålegge rapporteringsplikt til eit utval som representerer den største risikograppa, og utvalet vert revurdert kvart år.

Til § 10 Vedtak om utestenging frå Grasrotandelen

Vi kan gjere vedtak om mellombels stans. Eit spørsmål ved praktisering er kor lenge. Vi går ut i frå at ein ikkje kan misse retten til grasrotmidlar for alltid. Maksimal karantenetid bør gå fram av forskrifta.

Det kan vere hensiktsmessig at Lotteri- og stiftelsestilsynet får ein klar heimel til å kunne vurdere organisasjonar som per i dag er innanfor ordninga. Ein kan gjerne kalle det ein gjennomgang av mottakande organisasjonar for å sikre legitimiteten til ordninga. Framlegget til forskrift kan gje grunnlag for dette, td. kan § 10 c nyttast. Vår vurdering er likevel at slik heimel helst bør formulerast eksplisitt.

Med helsing


Berit Hovland
fagdirektør


Stig Starheim
økonomisjef